



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 31.10.2022
Møtestad: Kommunestyresalen, kommunehuset - Masfjordnes
Møtetid: 11:45 - 15:15

Dialog mellom ungdomstrinnet på Sandnes skule og kommunestyret i starten på møte.
Orientering om framlegg til budsjett 2023

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	UR	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Ørjan Daae	Frp	Jostein Kvamme Duesund
Astrid Daae	H	Frode Langhelle
Jan Olav Fosse	Sp	Silje Vågseth Kjetland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

REFERAT FRÅ DIALOGMØTE MELLOM UNGDOMSTRINNET PÅ SANDNES SKULE OG KOMMUNESTYRET

Når trafiksikringsplanen var ute på høyring sende elevane på Sandnes skule innspel som gjekk på team fortau, lys og fart. No lurar dei på korleis status er for desse innspela.

Ass.rådmann Sveinung Toft gjekk gjennom kva trafiksikringstiltak som er prioritert til no og sa at ein ikkje hadde gjort noko med dei konkrete innspela frå elevane på Sandnes skule endå.

Elevane på Sandnes skule er opptatt av ein møtestad på fritida. Kva tenker politikarane om det?

Ordførar svara at ein nytta eksisterande bygg til slike møtestadar; det er ikkje aktuelt å sette opp eige bygg til slike formål. Ordførar ønskjer at elevane konkretiserer kva dei tenker på så skal ein sjå kva ein kan bli samde om.

Kva kan politikarane hjelpe til med når det gjeld korrespondanse mellom offentleg transport og ferja?

Ordførar svara at det var ikkje lett å kome til andre deler av kommunen med offentleg transport utanom skuleruta. Ordførar ønskjer konkrete forslag på kva bussruter som er dårlege eller som ein ønskjer skal verte etablert, så skal kommunen sjå kva ein kan hjelpe til med.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) minna på at Sandnes skule har representantar i ungdomsrådet og ein kan bruke dei til å fremje saker til politisk handsaming.

Sakliste

Saknr	Tittel
053/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
054/2022	Godkjenning av møtebok
055/2022	Finansrapportering pr. 2.tertial/31.8.2022
056/2022	Økonomisk rapportering - 3.kvartal 2022
057/2022	Rullering av Handlingsplan, kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2023
058/2022	Referatsak
059/2022	Søknad om driftsstøtte for sesongen 2022/23 Stordalen skisenter as
060/2022	Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk - bil til vegvedlikehald

053/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Det vart sett fram forslag om Arne Hindenes (H) og Britt Inger Myhr (Ap) til å skrive under møteboka.

Sakene på tilleggsinnkallinga vart samrøystes lagt til sakslista.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 053/2022 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

054/2022: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 054/2022 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

055/2022: Finansrapportering pr. 2.tertial/31.8.2022

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 31.8.22 vert teken til vitring

21.10.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 091/2022 VEDTAK:

Finansrapport pr. 31.8.22 vert teken til vitring

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 055/2022 VEDTAK:

Finansrapport pr. 31.8.22 vert teken til vitring

056/2022: Økonomisk rapportering - 3.kvartal 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Rapportering pr. 3.kvartal 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

21.10.2022 FORMANNSKAPET

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø, Oppvekstleiar Rita Ludvigsen og Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg ti vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 090/2022 VEDTAK:

Rapportering pr. 3.kvartal 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 056/2022 VEDTAK:

Rapportering pr. 3.kvartal 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

057/2022: Rullering av Handlingsplan, kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2023

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til vedtak:

På bakgrunn av innstilling og kommentarar frå Idrettsrådet, andre innspel og egne vurderingar, innstiller rådmannen på følgjande handlingsplan for 2023:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
1	Delprosjekt « Universell tilrettelegging ved dagsturhytte»	Masfjorden kommune
2	Flomlys Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune
3	Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda	Masfjorden kommune
4	Klubblokale ved Matre Idrettsanlegg	IL Bjørn West, Masfjord Fotballag, Matre skule
5	Gymsalgolv, Sandnes skule	Masfjorden kommune
6	Varmestove Stordalen	IL BW
6	Interkommunal fleirbrukshall	Uavklart
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
1	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg	Uavklart
2	Nærmiljøanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg.	Uavklart

21.10.2022 FORMANNSKAPET

Rådgevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 092/2022 VEDTAK:

På bakgrunn av innstilling og kommentarar frå Idrettsrådet, andre innspel og egne vurderingar, innstiller rådmannen på følgjande handlingsplan for 2023:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
1	Delprosjekt « Universell tilrettelegging ved dagsturhytte»	Masfjorden kommune
2	Flomlys Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune
3	Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda	Masfjorden kommune
4	Klubblokale ved Matre Idrettsanlegg	IL Bjørn West, Masfjord Fotballag, Matre skule
5	Gymsalgolv, Sandnes skule	Masfjorden kommune
6	Varmestove Stordalen	IL BW
6	Interkommunal fleirbrukshall	Uavklart

B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
1	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg	Uavklart
2	Nærmiljøanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg.	Uavklart

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram forslag om å endre Ordinære anlegg - pkt 5 frå Gymsalgolv til Golv aktivitetssal.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå H vart samrøystes vedteke.

KS - 057/2022 VEDTAK:

På bakgrunn av innstilling og kommentarar frå Idrettsrådet, andre innspel og eigne vurderingar, innstiller rådmannen på følgjande handlingsplan for 2023:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
1	Delprosjekt « Universell tilrettelegging ved dagsturhytte»	Masfjorden kommune
2	Flomlys Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune
3	Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda	Masfjorden kommune
4	Klubbløpale ved Matre Idrettsanlegg	IL Bjørn West, Masfjord Fotballag, Matre skule
5	Golv aktivitetssal, Sandnes skule	Masfjorden kommune
6	Varmestove Stordalen	IL BW
6	Interkommunal fleirbrukshall	Uavklart
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
1	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg	Uavklart
2	Nærmiljøanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg.	Uavklart

058/2022: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Møte starta med dialogmøte mellom elevane på Sandnes skule og kommunestyremedlemmene.

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø orienterte om framlegg til budsjett 2023.

Skriftlege spørsmål:

Ørjan Daae (FrP) stilte følgjande spørsmål:

1. Kantklipp/grøfterensk av kommunale veier (egen mail)
 - Vegene i Duesund som går ned til gamle Duesund mek. og tømmerkaien
 - Kjerdalsvegen

Ordførar svara:

Dette skal kommunen prøva å få prioritert før vinteren. Kommunen må leiga noko til å utføra dette arbeidet, sidan vegansvarleg har vore i sjukemelding sidan 1 september.

2. Asfaltere Tangedalsvegen frem til det øverste tunet. Vegene (asfalten) i øvre del har smuldra opp. Kva har kommunen tenkt å gjøre med dette. ?

Ordførar svara:

Dette ligg inne i som eitt av mange tiltak på vedlikeholdslista over kommunale vegar, der asfaltering av øvre del av Tangedalsvegen er lagt inn med ein kostnad på ca krone 800.000,-. Men prioritering av asfalt på kommunale vegar, med årleg samla investeringsbudsjett avgrensa til krone 800.000,- vil ikkje Tangedalsvegen verta prioritert først.

3. Tangedal: ferdigstilt arbeidet med fremføring av Fiberledning. Kortid vil dette bli gjort?

Ordførar svara:

Vestland fylkeskommune valde å ta ansvar for alle fiber/ breibandprosjekta i Vestland fylkeskommune, og lyste alle prosjekta ut på anbod i eigen regi. Det kom diverre ingen som vil byggje ut til Tangedalen i denne runden. Masfjorden kommune har difor i etterkant forhandla og signert ein tilleggsavtale med Telenor Norge AS, og der er det avtalt at ny fiber til Tangedalen skal vera på plass i løpet av hausten 2022.

4. Undergangen til Treet og Hosteland kai. Innbygger er bekymra for denne undergangen. Har kommunen en plan med denne. Skal en utbedre undergangen slik at normal ferdsel kan bruke veien. Er den vedlikeholdt iht krav.

Ordførar svara:

Undergangen til Treet er det fylkesvegeigar, Vestland fylkeskommune, som er ansvarleg for. Masfjorden kommune er ikkje kjent med at det skal vere noko fare knytt til denne konstruksjonen. Det kan likevel vera fornuftig av kommunen å drøfte risiko knytt til denne konstruksjonen med fylkeskommunen, for å avklara dette nærmare. Dette vil bli gjort.

5. Snuplass på enden på kommunale veier. Er blir kontaktet at innbyggere som lurar på kortid kommunen har tenk å utføra dette. Da tenker eg på vegene til Lindebothen og Rambjørg øst.

Ordfører svara:

Dette ligg inne i vedlikehaldslista over kommunale vegar. Etablering av desse to snuplassane har Masfjorden kommune innhenta ein pris av entreprenør. Prisen er på til saman krone 300.000,-. Kommunen har ikkje økonomi på driftsbudsjettet til dette, også dette handlar om prioritering av vedlikehald på kommunale vegar, med årleg samla investeringsbudsjett på krone 800.000,-.

6. Savner gjenvinningsstasjon på nordsiden av Fensfjorden. Vi har denne vår/høst ryddingen, men den er ikke alltid like tilgjengelig da f.eks at man kan være opptatt på de datoene. Ellers så er det langt til nærmeste gjenvinningsstasjon når vi bor på nordsiden av Fensfjorden. Har kommunen noen planer, i samarbeid med Gulen kommune og NGIR, om å etablere en gjenvinningsstasjon f.eks i Sløvåg? Ordfører svara:

Det har vore samtalar med ordfører i Gulen kommune om dette. Kommunen er kjent med at NGIR ikkje har prioritert dette tiltaket i økonomiplanperioden for 2023 – 2026, jf. representantskapsmøtet som var den 24 oktober i NGIR. Ordfører er samd at dette vil det jobbast meir med.

7. Formannskapet har nettopp sendt Bustadpolitisk plan ut på høring. Planen omhandler bygging av 10 omsorgsbustader. Så kom statsbudsjettet, der alle tilskot til slike er fjerna. Vil kommunen ta skritt for å få tilskot på plass igjen i statsbudsjettet?

Ordfører svara:

Ordfører vil oppmoda alle partia som har kontaktar sentralt om å jobbe for å få dette inn i endeleg statsbudsjett.

8. Steinmasser ved Hosteland idrettsanlegg. Ved forrige kommunestyret tok eg opp bruken av steinmasser ved Hosteland idrettsanlegg. Kommunen har kjøpt en næringstomt på Risnes. Dette er en tomt så må få tilkjørt steinmasser for å fylle ut et myrområde. Forslaget var å utvide parkeringsområdet ved risnes kai, for så å bruke disse steinmassene på næringstomta. Da får en gjort to ting samtidig. Da trenger en ikke kjøre så mange lass fra Hosteland. Videre står det i trafikktryggleiksplan for 2021 – 2032 at en ønsker å bygge gang og sykkelveg ned til Mollandskrysset. Dette er det nærmeste tiltaket i denne planen som trenger steinmasser. Siden dette også går langs fylkesvei 570, vil eg tru at fylket også her kan stille med midler for å få dette tiltaket igangsatt. Da har vi også fått utnyttet disse steinmassene på en god måte, samtidig som vi har startet på trasen mot Duesund. Målet må være at heile veien imellom Sandnes og Nordbygda skule er ferdig når masfjordbruna er ferdig bygget. Så kva tenker ordføreren om disse tankene?

Ordfører svara:

Ordfører vil peika på at det vil starta reguleringsarbeid ved Risnes bru, og at dette kan medføre større arbeid i området.

Laila Furebotn (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Elevar, lærarar og Fau på Matre skule er bekymra over forfallet som er på uteområdet på skulen. SU sende i juni eit brev til kommunestyret der dei ber om at me ser på saka.

Sett vekk frå Idrettsbana som ligg like ved, har skulen no ikkje mykje å tilby elevane i friminutta.

Volleyballbana dei hadde er utan sand, og tribuna er ramla saman. Dissestativa er fjerna, ikkje godkjend av leikeplasskontrollen i likheit med dei fleste tå leikeapparata.

Me registrerar og at i sommarhalvåret går det lang tid mellom kvar gång plenar vert sleie, då vert da mången våte sko og bukser med dei nedbørsmengdene Matre er kjent for 😊

Uteområdet er viktig for både borna i barnehage og elevane på skulen. Me veit at leikeapparat er dyrt, men kanskje er det råd og finna løysingar som ikkje er grådige dyre, men alikevel innbyr til fysisk aktivitet, leik og moro?

Masfjorden Senterparti håpar me kan sjå på muligheitar for uteområda både i barnehagane og

skulane våre, og at me inviterar skulane og barnehagane med på prosessen.

Ordførar svara:

Ordførar ser at behovet for nye leikeapparat på skular og barnehagar er stort mange stadar.

Teknisk har lagt inn forslag i investeringsbudsjettet for 2023, krone 500.000,- til kjøp av nye leikeapparat for barnehagane. Anna vedlikehald på uteområdet på skulen som plen og reparasjonar av leikeapparat ligg innbakt i driftsbudsjettet for kvar skule og barnehage. Ordførar rår til at behovet for å opprusta uteområda på skulane vert drøfta nærmare i samband med arbeidet med budsjettet for 2023.

Erlend Kvamsdal (H) stilte følgjande spørsmål:

1. Korleis går det med norskopplæring for flyktningar på alle dei tre skulane?

Ordførar svara:

Pr dags dato har Masfjorden kommune motteke til saman 24 flyktningar frå Ukraina. Av desse er 9 busett på Hosteland og 3 er elvar på Nordbygda skule, dei to siste byrja på skulen denne veka.

På Sandnes er det til no busett 15 personar i Sandneslia. Av desse er det 3 som har byrja på Sandnes Skule.

Vi oppretta i juni månad tilbod om Norskopplæring for dei vaksne flyktningane med kollektiv beskyttelse. Der har vi no 10 vaksne Ukrainarar og ei på familiegjenforeining. I tillegg gjev vi tilbod om opplæring til 2 flyktningar busett i Modalen. Lovverket er endra i høve til desse flyktningane noko som gjer at dei har rett men ikkje plikt til å ta imot tilbodet. Dei har høve til å gå rett ut i jobb.

Elevar som går i 1. og 2. klasse føl klassen si språk- og leseopplæring. For dei andre vert det fatta enkeltvedtak om særskild Norskopplæring så lenge det er trong for det, og dei føl læreplan om særskild Norsk.

Busetting på Matre kjem etter nyttår, og då vil evt. barn i skulealder starta opplæringa si på Matre skule på same måte som på dei andre skulane.

2. Får me statlege midlar til dette formålet, og korleis er evt desse fordelt på dei tre skulane?

Ordførara svara:

Til dette formålet er det ikkje spesifikt løyva midlar. Barna går inn som ordinære elevar på lik line med andre. Vi brukar av skulen sine ressursar til dette.

3. Er det planar om å evaluere norskopplæringa for flyktningar og hente dei beste erfaringane frå dei 3 skulane Dette for å få til ei best mogleg norsk undervisning for flyktningar som kjem til Masfjorden?

Ordførar svara:

Rektorane i Masfjorden har dialog med rektorar i nabokommunane for å kvalitetssikra tilbodet. Det er fortløpande dialog mellom rektorane i Masfjorden for å kvalitetssikre tilbodet til elevane.

Ragnvald Tangedal (Ap) stilte følgjande spørsmål:

Fikk høre her i forrige uke at Masfjorden Kommune planlegger størrelsen på boligtomtene i Ytre Haugsdal bolig felt med en størrelse på 1 mål. Til sammenligning er tomtene i Hovden bolig felt mellom 1,5 mål til 2,5 mål. Her er alle tomtene solgt og bygd på, med unntak en tomt som er på 1 mål. Er det en god grunn for at tomtene er planlagt med en arealstørrelse ned mot 1 mål?

Ordførar svara:

Det er vanleg i nyare reguleringsplanar mange stadar at einebustadtomter ligg på rundt 1 dekar, med naturlege variasjonar i høve til tilpassing til terreng, vegsystem og andre tilhøve.

I Masfjorden kommune ser me dette i reguleringsplanen på Duesund, med mange tomter rundt 1 dekar, og i planen på Liabrotet på Nordre Kvingo, der det er regulert inn 21 einebustadtomter på 16.7 dekar. I det litt eldre bustadfeltet på Skolten på Kvingo varierer tomtene frå ca 800m² til ca 1500 m².

Tomtene i Hostelandslia ligg rundt 1 - 1,2 dekar og dei 7 bustadtomtene som er regulert i planen for Risnes Tomteområde ligg på rundt 1 til 1.1 dekar.

I Ytre Haugsdal er det regulert til saman 14 einebustadtomter. Med eit tomteareal på til saman 15.7 dekar vert det i gjennomsnitt ein tomtestorleiken på ca 1.1 dekar.

Tomter som vil bli svært teneleg for dei bustadtypane mange vel og har råd til i dag.

Referatsaker:

Skriv 1: Tilskotsordning til frivilligsentralar

Skriv 2: Trekk i rammetilskuddet for konsesjonekraft - frivilling rapportering

Skriv 3: Protokoll 2-2022 Regionrådet Nordhordland

Skriv 4: Møteplan 2023 - framlegg

Formannskapet 16.jan vert flytta til 23.jan

Formannskapet 16.mars vert flytta til 13 mars

Kommunestyret i juni bør justerast ein dag eller to

Orientering frå ordførar:

- status opprusting av Masfjordvegen frå Kringla - Kalhovdakrysset.
- status reguleringsplanarbeid Mollandseidbru
- status for opprusting fv 570 - Austfjordvegen

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 058/2022 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

059/2022: Søknad om driftsstøtte for sesongen 2022/23 Stordalen skisenter as

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet

31.10.2022 FORMANNSKAPET

Torill Torsvik Størkersen (Ap) og Geir Egil Haugsvær (Sp) sa dei var ugilde sidan dei sit i styret til Stordalen Skisenter. Formannskapet samla seg om at Størkersen og Haugsvær var ugilde og dei forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver driftsstøtte til Stordalen skisenter as med inntil kr. 400.000,- for sesongen 2022/2023 med basis i auka kostnader til diesel 50. 000, auka straumkostnader med 150.000 og dugnadsgodtgjering 200.000 – 150 kr pr. time.

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes (3 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 100/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver driftsstøtte til Stordalen skisenter as med inntil kr. 400.000,- for sesongen 2022/2023 med basis i auka kostnader til diesel 50. 000, auka straumkostnader med 150.000 og dugnadsgodtgjering 200.000 – 150 kr pr. time.

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Torill Torvik Størkersen (Ap) og Geir Egil Haugsvær (Sp) sa dei var ugilde fordi dei sit i styret i Stordalen skisenter. Jan Olav Fosse (Sp) sa han var ugild fordi han er grunneigar og driftsleir. Kommunestyret samla seg om at Størkersen, Haugsvær og Fosse var ugilde og dei forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (14 røyster) vedteke.

KS - 059/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver driftsstøtte til Stordalen skisenter as med inntil kr. 400.000,- for sesongen 2022/2023 med basis i auka kostnader til diesel 50. 000, auka straumkostnader med 150.000 og dugnadsgodtgjering 200.000 – 150 kr pr. time.

060/2022: Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk - bil til vegvedlikehald

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune løyver Kr 982.000,- inkl mva,- til kjøp av tenestebil til vegvedlikehald. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

31.10.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 102/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver Kr 982.000,- inkl mva,- til kjøp av tenestebil til vegvedlikehald. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

31.10.2022 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 060/2022 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver Kr 982.000,- inkl mva,- til kjøp av tenestebil til vegvedlikehald. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 31.10.22 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Arne Hindenes
kommunestyremedlem

Britt Inger Myhr
kommunestyremedlem